

Revidert versjon av nynorskrettskrivinga – historikk

Bakgrunnen for dokumentet *Nynorskrettskrivinga. Utgreing om og framlegg til revisjon av rettskrivinga i nynorsk. Revidert versjon* (Norsk språkråd 31.12.02):

1996

Fagnemnda i Språkrådet tok opp arbeidet med å gjennomgå valfridomen i bokmåls- og nynorskrettskrivinga.

1997–2000

Nynorskseksjonen vedtok på rådsmøtet i 1997 seks prinsipp for ein revisjon av nynorskrettskrivinga, og i åra etter gjekk fagnemnda gjennom rettskrivinga ut frå desse prinsippa.

2000

Nynorskseksjonen godkjende på rådsmøtet dei fleste fagnemndframlegga og justerte nokre av dei. Med dette fekk nynorsknormalen færre hovudformer og fleire sideformer. Dette vedtaket, kalla 2000-framlegget, vart lagt fram for Kulturdepartementet våren 2000. I brev av 5.12.00 bad departementet Språkrådet vurdera nærmare visse sider ved framlegget, men først og fremst ta stilling til om systemet med skiljet mellom hovud- og sideformer kunne opphevast. Bakgrunnen var at bokmålsseksjonen alt hadde gjort eit slikt vedtak for si målform.

2001

Styret i Språkrådet sette ned ei referansegruppe for å førebu ei eventuell reform for nynorsk skriftmål der det ikkje er skilt mellom ein trond normal (læreboknormalen) og ei vid rettskriving.

2002

På rådsmøtet i februar hadde nynorskseksjonen eit meir førebuande møte; i mai drøfta og vedtok seksjonen eit meir detaljert framlegg til norm. På maimøtet gjekk eit knapt fleirtal i nynorskseksjonen inn for å ta bort skiljet mellom læreboknormal og rettskriving. Referansegruppa greidde deretter ut det framlegget som fleirtalet i nynorskseksjonen hadde gått inn for. Denne utgreiinga vart send ut på høyring 30.10.02. 31.12.02 vart den reviderte utgreiinga send over til styret i Språkrådet.

2003

Saka skal drøftast på rådsmøtet 13.–14.2.03 i Ørsta.